

Inkluderande barnehage – og skudemiljø

2018 - 2020

**Plan for arbeidet med inkluderande barnehage – og skudemiljø i
Sogn**



Innhold

1	Bakgrunn og rammer.....	3
2	Samarbeidspartar og organisering.....	4
3	Forankring.....	5
4	Utviklingsområde og innhald.....	7
5	Mål.....	8
6	Andre tiltak.....	8
7	Finansiering.....	8
	Vedlegg Framdriftsplan.....	9

1.Bakgrunn og rammer

I følgje rammeplanen av 1. august 2017, skal barnehagen fremme eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn skal oppleve å bli sett og kan delta i leik. Miljøet skal støtte opp om lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Overgangar har eit tydeleg fokus i den nye planen og barnehagar og skular er pålagde samarbeid her. Den nye rammeplanen legg og tydelege føringer for at personalet i barnehagen skal førebyggja og stogga utestengning og mobbing.

Barnekonvensjonen FN gjeld som norsk lov og skal leggjast til grunn for alt arbeid for og med barn og unge. Konvensjonen seier at barn og unge har rett til utvikling og medverknad.

Barnehagelova § 1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling...

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap..»

Stortinget har vedteke nytt regelverk om skolemiljø der nulltoleranse mot mobbing vart lovfesta. Lova styrkar og borna og foreldra sine rettar med å innføre informasjonsplikt og ei skjerpa aktivitetsplikt Det nye regelverket gjeld frå 1. august 2017.

Opplæringslova kapittel 9A – 1:

«Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse , trivsel og læring»

Nytt kapittel 9A frå 1. august 2017 skjerpar aktivitetsplikta.

«Dersom ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at ein annan tilsett utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar.»

§ 9A - 3


Dette prosjektet er ei nasjonal satsing med kompetanseutvikling for barnehagar, skular myndighet og eigalar innanfor tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling.

PP – tenesta er ein aktiv del av prosjektet og deltek saman med barnehagane og skulane. Sogn er med i pulje 2 i prosjektet.

2. Samarbeidspartar og organisering

Kommunane vil samarbeide med Høgskulen på Vestlandet(HVL), Læringsmiljøsenteret, psykolog Magnus Lia (SR/HVL), PPT og med helsestasjonane. Regionen har også en vedteken regional plan for arbeidet med god psykisk helse hjå barn og unge gjeldende fra 09.12.2016 og arbeidet med inkluderande barnehage og skolemiljø vil samordnast med denne planen. Deltakande kommunar i Sogn er Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Kommunane samarbeider gjennom fleire etablerte nettverk for Sognregionen .



Læringsmiljøsenteret blir fagleg bidragsytar på samlingar og nettrettleiing mot kommunar og HVL

Høgskulen på Vestlandet (HVL), deltek på samlingar, rettleiing og samarbeid med Læringsmiljøsenteret, og i utviklingsarbeid retta mot barnehagar og skular i regionen.

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver og Læreplanverket for Kunnskapsløftet
ligg til grunn for arbeidet.

Planen legg til grunn at det blir lagt til rette for tidleg innsats. Det betyr for det fyrste at det blir jobba systematisk, og at det blir sett inn tiltak tidleg i utdanningsløpet for å fremje trygge og gode barnehage- og skolemiljø, at det blir arbeidd kontinuerleg med å førebyggje og handtere mobbing. For det andre betyr det at det blir sett i verk tiltak tidleg når barn og unge opplever at dei ikkje har trygge og gode barnehage- og skolemiljø.

Då planen omfattar både barnehage – og skolemiljøet, har overgangen mellom barnehage og skole også ein sentral plass i arbeidet.

3. Forankring

Arbeidet skal forankrast politisk, administrativt, i arbeidstakarorganisasjonane og på einingsnivå i barnehage, skule, SFO og blant andre tilsette. Foreldre og føresette, elevane og barna i barnehage og SFO skal vere medspelarar.

Det må sikrast god informasjon om prosjektet der ein nyttar personar med kompetanse på området. Dette er leiarane sitt ansvar, og det vil gje eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Kvar eining og kommune må skaffe fram eit godt faktagrunnlag gjennom undersøkingar som blir gjennomførte. Her er ståstadanalysen, Spekter, trivselsundersøkingar, elevundersøking, foreldreundersøking og fleire aktuelle. Deretter må satsingsfeltet eller satsingsfelta prioriterast. Døme på tema som kan bli aktuelle er:

- observasjon - lesing av sosialt samspel, avdekking av mobbing, førebygging (barnehage og skule)
- skjult mobbing
- førebygging / bygging av positive rollemodellar i skolemiljø/barnehage
- relasjonar (lærar-elev / barn, vaksenrolla både i bhg og skule)
- foreldresamarbeid i førebyggingsarbeid (men også når det skjer seg, korleis får ein heim-skule-samarbeidet på rett kjøl igjen)
- beredskapsteam mot mobbing (rettleiing/etablering)

Profesjonell observasjon blir prioritert i fagsamarbeid med Læringsmiljøsenteret
Det må leggjast til rette for godt samarbeid mellom barnehage og skule.

Forankringa skal føregå ved å :

- Sikre god informasjon om prosjektet der ein nyttar personar med kompetanse på området
- Gjere seg nytte av ressurspersonane
- Skaffe eit godt faktagrunnlag i samarbeid med einingane (ståstadanalysen, Spekter, trivselsundersøking, elevundersøking, foreldreundersøking).
- Prioritere satsingsfelt der profesjonell observasjon er eit viktig felt
- Sikre eit godt samarbeid mellom barnehage og skule gjennom felles arenaer
- Syte for å få til gode samanhengar mellom ulike utviklingsarbeid

Barn, elevar og foreldre skal involverast i utviklingsarbeidet der det blir arbeidd med :

- Haldningar og korleis vi kan arbeide med dette som ein ressurs i utviklingsarbeidet
- Korleis erfaringar og kompetanse frå arbeidet skal komme alle barnehagar, Sfo og skular i kommunen til gode
- Korleis vi skal sikre grunnpilarane i barn og unge sitt liv

Professor Ingrid Lund ved Universitetet i Agder trekker fram desse tre punkta i arbeidet med å sikre barn og unge eit godt grunnlag for trivsel og læring.

1. Tryggleik
2. Relasjonar
3. Meistring

Desse vil bli vektlagde i arbeidet i Sogn. Arbeidet skal gje tydelege forbetringar i barnehage- og skulemiljø, som viser att i målingar, og i miljøet mellom vaksne og barn.

I august vert det årleg gjennomført fagdag og nettverksamling for lærarane i regionen. Både hausten 2018 og 2019 blir inkluderande barnehage – og skulemiljø gjennomgåande tema. For barnehagane blir slik fagøkt med nettverk gjennomført i oktober. Vidare blir det samling for styrarar, rektorar og eigalarar i september, der IBOS blir ein del av innhaldet. I november 2018 blir det ein nettverksdag i samarbeid med PPT. Det legg føre oversikt over dette i vedlegg til planen. Vi tenkjer oss tilsvarende opplegg for 2019 med samling for regionalt nettverk, heil dag og så vidare etter mønster frå 2018. Der er det og lagt plan for nettuttleiing mot kontaktpersonar, mot arbeidsgrupper i kvar av dei 8 kommunane og nettuttleiing og samarbeid med HVL. I november 2019 blir det heildags avslutningssamling for regionalt nettverk

I tillegg vil IBOS vere gjennomgåande tema i følgjande nettverk:

- Barnehage og skule , region Sogn
- Styrar – og rektornettverka
- Fagnettverk barnehage – og skule i regionen

4. Utviklingsområde og innhold

Sogn vil arbeide med følgjande område:

1. Barnehage- og skulekulturen
2. Organisasjon og leiing
3. Pedagogisk leiing i barnehagen og relasjonell klasseleiing i skulen
4. Relasjonar mellom barna, vaksne og barn og mellom dei vaksne
5. Foreldresamarbeid

Fremje trygge og gode barnehage- og skolemiljø

Grunnlaget må leggjast med bakgrunn i grundig analysearbeid. Dette blir utgangspunkt for å utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage-/skalemiljø, der alle barn og unge trivst og opplever tilhøyrigheit

Det skal vektleggjast holdningsskapande arbeid, også i vaksenmiljøet.

Auka kunnskap om samleomgrepet krenking som omfattar mobbing og diskriminering og trakassering. Dette må definerast og klargjerast i alle einingane.

Gjennom fagsamlingane med skal det vera prioritert opplæring på områda nedanfor slik at vi får forbetra dagleg praksis

- Profesjonell observasjon og rettleiing
- Avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar

Det er viktig å samarbeide med foreldre i arbeidet med å utvikle og opprettholde trygge og gode barnehage- og skalemiljø, då dette påviseleg har betydning for barnet si helse, trivsel og læring i barnehage og skule.

Omsorg, leik, læring og danning i barnehagen og opplæringa i skulen skal skje i nær forståing og samarbeid med heimane til barna. (formålsparagrafen i barnehagelova)

Foreldre og personalet har eit felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.

Prinsipp for opplæringa understrekar at skulen skal legge til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre får medansvar i skulen.

Organisasjon og leiing, generell regelverkskompetanse og tverrfagleg samarbeid

Barnehagen og skulen må ha ein god profesjonell kultur og evne til å planleggje, gjennomføre og evaluere pedagogisk praksis, rutinar og korleis ein etterlever regelverket. Leiinga må leggje til rette for samarbeid og kollektiv læring, i tillegg til individuell læring hos den enkelte tilsette.

Leiinga må også sørge for at personalet er merksame på korleis dei møter barn og unge som treng hjelp og støtte frå kompetente vaksne.

Barnehagar og skular må beskrive område der dei har størst behov for å forbetre praksis etter å ha gjort ei prioritering ut frå grundig førearbeid

5. Mål

Barnehagen skal ha «høy kvalitet som fremmer trivsel, lek og læring». Og eit av tre prioriterte mål for grunnopplærina er: «Elevar skal ha eit godt og inkluderende læringsmiljø». Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for leik, læring og utvikling.

Målsetjingane må konkretiserast og vere tydelege i det lokale planarbeidet. Barnehagar og skular, barnehageeigarar og skuleeigarar utviklar eigne mål . Dette er en viktig del av arbeidet med å forankre, involvere og ansvarleggjere alle aktørar lokalt. Måla må ta utgangspunkt i område der barnehagar og skular treng å utvikle praksisen sin i perioden.

Aktuelle punkt:

- I Sogn vil vi leggje til rette slik at alle tilsette får opplæring og auka kompetanse gjennom fagdagar, samlingar og nettverk slik oversikta viser. Her kjem det og fram korleis ulike samarbeidspartar er involverte i arbeidet.
- Roller og ansvar skal avklarast og kome fram i handlingsplanen for arbeidet. Dette gjeld for alle involverte på alle nivå.
- Forankringa blir gjennomført våren 2018.

Målet med arbeidet er forbetra praksis på alle einingane i Sogn, og det må synleggjerast korleis arbeidet skal vidareutviklast framover.

6. Andre tiltak på lokalt nivå

Regional plan for arbeidet med god psykisk helse hjå barn og unge (Sogn regionråd)

Overordna programplan for System for styrka læring

Språkkommune(Luster)....

7. Finansiering

Hovudfinansieringa i prosjektet er desentraliserte kompetansemidlar frå Fylkesmannen/Utdanningsdirektoratet og kommunane sjølve.

Ressurspersonar i Inkluderande barnehage – og skulemiljø, Sogn Regionråd: Linda Midtun og Inger Marie Evjestad

Vedlegg 1

Framdriftsplan

Planen for vår- og hausthalvåret 2018 for Sogn, viser korleis vi vil dele felles fagøkter.

13.mars	Fagdag psykisk helse, der dette også var oppstart for inkluderande barnehage- og skolemiljø.
1. juni	Frist kommunal plan til FM
15. august	Fagdag for heile grunnskulen m/ Tove Flack, Læringsmiljøsenteret
12. og 13. september	Nasjonal samling på Gardermoen
24. og 25. september	Felles samling for skuleeigar, styrarar og rektorar, der IBOS får sentral plass
8. oktober	Fagdag for barnehagen i Sogn med tema IBOS
November	Fagdag/ nettverk i samarbeid med PPT der barnehage- og skolemiljø blir tema

I tillegg vil IBOS vere gjennomgåande tema i følgjande samlingar:

- Barnehage og skuleregion Sogn
- Styrar – og rektornettverka
- Fagnettverk barnehage – og skule i regionen


Våren 2019 og hausten 2019 er tenkt om lag på same vis:

Vår 2019

- Nettretteleiing mot ressurspersonar
- Samling for regionalt nettverk: heil dag
- Nettretteleiing og samarbeid mot HVL

Haust 2019

- Medio august, Foredrag regional planleggingsdag–skule: heil dag (1/2 dag x 2)
- September, Leiarsamling: barnehagestyrarar, rektorar, skulefagleg ansvarleg, halv dag
- Oktober (veke 41), Foredrag regional samling - bhg.: heil dag
- November, Avslutningssamling for regionalt nettverk: heil dag



Satsingsområda i System for styrka læring i Sogn